

Årsmelding

For

Sveio Orienteringslag

2018



Frøydis og Oddbjørn Valen har tatt gullmerke i turorientering 25 år på rad og blei dermed dei første 25-årsjubilantane i SOL si tur-o-historie.



Resultat av val under årsmøtet i Sveio O-lag 15. mars 2018 i Førde samfunnshus:

Hovudstyret:

Thomas Førde attval for 1 år, leiar

Kjetil Fiskå attval for 2 år, nestleiar

Kristian S. Førde attval for 2 år

Karl Inge Instefjord ikkje på val

Astrid Førsund ikkje på val

Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjørdis Kallevik 2. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 3. varamedlem, attval for 1 år.

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde attval for 1 år, leiar

Astrid Førsund attval for 2 år

Karl Inge Instefjord attval for 2 år

Olaug Fagerland ikkje på val

Leif Grutle ikkje på val

Øystein Opedal attval 2 år

Oddbjørn Valen ikkje på val

Alice Enerstvedt ny, for 2 år

Revisor:

Jostein Ottesen attval for 1 år

Diverse:

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Kjetil Fiskå Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd: Astrid Førsund Øystein Opedal

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus: Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna. Astrid og Førsund vara Thomas Førde

Medlemstalet i Sveio O-lag per 31.12.18: 85 betalande medlemmer. Dette er ein auke frå året før då me hadde registrert 82 betalande medlemmer.

Styre/representasjon:

Karl Inge var i møte med kommunen om korleis det frivillige arbeidet i kommunen kan organiserast betre.

Kjetil var i møte med o-kretsen for å sjå på o-kretsen si vidare drift og økonomi. Konklusjon: fortset som før.

Våre årsmøtevalde utsendingar var representantar i årsmøtet i Førde samfunnshus.

Kjetil deltok i det årlege møtet for fastsettjing av terminliste for nærløp på Haugalandet.

Astrid deltok i årsmøtet til Sveio Idrettsråd.

Kart-arbeid

I haust har me vurdert eit område nord og vest for Vikse skule som eit aktuelt terrenget for utarbeiding av nytt o-kart. Terrenget er ikkje ideelt på alle vis, men store delar er interessant. Men her som i alle andre terrenget som me vil nyitta til orientering, enten det er til konkurransar eller tur-o, så er me avhengig og få til eit samarbeid med grunneigarane i området. Neste steg i dette eventuelle prosjektet er å kontakta /varsla alle grunneigarar so eig sentrale delar av terrenget.

Konkurranseorientering

Eigne arrangement:



Kretsløp i mellomdistanseorientering i Auklandshamn

Veret var ideelt for orientering under Sveio O-lags kretsløp i mellomdistanseorientering i Auklandshamn lørdag 28. april. Litt kjøleg i lufta, men sola vermede og ute i terrenget var alt gras og småkratt framleis i sovande modus etter vinterdvalen, slik at det blei lett å ta seg fram. Kartet over terrenget rundt Auklandshamn skule blei laga til Vestlandsmeisterskapet i 2004 og er seinare blitt oppdatert noko. Terrenget er variert skogsterreng, med innslag av skråiar i dei to lengste A-løypene og elles småkupert med innslag av myr. Stirikt område nær mål og i terrenget kor dei kortaste løypene var lagt.

Idyllisk og velfungerande samlingsplass ved Auklandshamn skule blei ein flott arena for store og små o-løparar i eit godt tilrettelagt og effektivt gjennomført arrangement.

116 løparar fullførte i dei sju lengste løypene, medan sju småtroll gjennomførte den åttande og kortaste løypa ved samlingsplass.

Kretsløpet tel med i ranking for Rogaland. Thomas Førde og Kjetil Fiskå hadde ansvaret for løypene, som fekk mykje ros frå deltakarane.





Bedrifts-o-løp i høgfjellsterreng nær havet.

Torsdag 14. juni blei det arrangerte bedrifts-o-løp med Kjetil og Thomas som løypeleggjarar. Start og mål var lagt til terrenget tvers overfor tidlegare Vandaskog skule. Dei 38 deltararane hadde to løyper dei kunne velja mellom, på høvesvis på 3,2 og 2,1 km. Berre to-tre kotestrekar opp frå plass kom deltararane inn i eit ope og høgfjellsliknande terrengr.



Nær-o-løp i seinsommarsol i jomfrueleg terreng i sauabeite



Tirsdag 21. august var me tilbake på Vandaskog. Den gongen for å arrangera Nær-o-løp for Sunnhordland og Haugalandet. Litt meir enn 50 løparar stilte til start i varmande augustsol. Delar av terrenget under dette arrangementet hadde aldri tidlegare vore nytta til orientering. Dei fire løypene gjekk i ope og småkupert terrenget mellom knausar og små vatn. Terrenget inviterte til fart slik at mange gjennomførte på raske sluttider. Men det opne småkuperte terrenget gir samtidig o-tekniske utfordringar som mange fekk erfara med små bommar. Kartet over området, som blir kalla Ryvarden-marka, blei laga då Sveio O-lag arrangerte Vestlandsmeisterskapet for fem år sidan. Men framleis er delar av terrenget og kartet nokså framandt for o-løparar. Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde lagt fire løyper med mange postar etter oppskrifta for eit mellomdistanseløp som dessutan inngår i rankinga for klubbane i Nord Rogaland og for klubbane i Sunnhordland.





Deltaking i andre o-løp:

Sørlandsgaloppen i Arendal



Sørlandsgaloppen blei arrangert 28. juni – 1. juli og midt i smørauga i år, like ved den idylliske sommarbyen Arendal. Gode løyper, kjekt og variert terreng og rundt 1000 deltagarar alle fire løpsdagar. Kjekt å vera deltagar for SOL sine representantar, Astrid, Kristian og Thomas.

Kretsløp, Nærlosp og bedrift-o-løp, m.m.

Kjetil har vore ein flittig deltakar i bedrifts-o-løp og i nokre nær-o-løp på Haugalandet. Me hadde fleire deltakarar frå eigen klubb i eige arrangement i Auklandshamn i april. Kristian har delteke i nær-o-løp og kretsløp i Oslo-området.

Turorientering

Familiepakka

Årets hovudpakke inneheldt fem kart over ulike terregn-område med til saman 63 tur-o-postar.

I pakka låg også eit ekstratilbod med **11 postar i Valestrandfjella**. Desse postane kunne besøkjast som alternativ til dei andre 52 postane. Registreringar frå besøk ved ekstrapostane talde med for å kunne oppnå merkekrava. Krava til merke var dei same som før.

1. Lengst nord kunne deltakarane parkera ved Haraldsplass og enten starta rundturen opp til Tråvås, eller litt lenger nord og gå anleggsvegen oppover mot Målefjell. I godt ver kunne ein få flott utsikt frå høgda. Men ein spennande tur burde det bli, uansett kva ende ein starta frå.

2. I Førde kunne ein parkera ved skulen eller ved den fysikalske klinikken og starta turen langs skogsvegen sørover mot Lier og Lierfjell. Denne turen kunne og startast frå **Lier**. Skogsveg og stiar i dette området vart delvis blitt rydda i vinter. To postar låg dessutan i Solheimshaugen og kunne t.d. besøkjast i samband med Finn Fram dag og Kaffipost ved Prestabryggjo i august.

3. I marka nær Auklandshamn, vart det laga til ein tur som kunne startast frå skulen/butikken eller frå bedehuset. Sju postar låg i dette terrenget sørover i retning Emberlandsnipen med utsikt frå høgda.

4. Mellom Paddevegen og Markavegen ligg eit innbydande og ope turterreng. Her kunne deltakarane få eit flott og vidt utsyn frå toppane sjølv om dei ikkje er så høge. Turen, som var gjennomgåande, kunne startast like godt frå sør som frå nord.

5. Ryvarden-marka: Her var det lagt opp til to turar, ein frå Mølstrevåg og ein frå Lyngholm. Men dei sprekkast kunne gjera unna besøk ved alle dei 15 postane i Ryvardenmarka i løpet av ein turdag.



Kaffipost blei arrangert mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr søndag 3. juni. Den andre kaffiposten i 2018-sesongen blei halden under Finn Fram dagen på Strando/Prestabryggjo i Førde søndag 26. august.

Postkasse og premiar: To postkassar var sett ut på to av postane som er nummererte frå 1 til 50. Her var det høve til å skriva namnet sitt i ei bok og vera med på trekninga av premiar. Ved sesongslutt blei det dessutan loddtrekking av premiar blant alle som deltok i sesongens turorientering.

Foto-Orientering: Har vore eit tilleggstilbod i konvolutten som gjeld både i Sveio sentrum og i Førde. I Førde låg det postar i det idylliske turområdet som inneheld Strando/Prestabryggjo/Prestagarden og andre delar av Førde sentrum.

Dette er eit populært lågterskeltilbod som kan vera ein eigna innfallsport til litt meir utfordrande turorientering i meir tradisjonell tyding. Ein stor fordel for arrangøren er dessutan at ein treng ikkje ha noko utstyr ståande ute i terrenget som krev tilsyn i løpet av sesongen med foto-orientering. Skuleklassar har nytta dette tilbodet regelmessig under skulane sine friluftsdayar.

Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, men som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva turorientering. 20 ulike postar vart fordelt på fire ulike terrengr/kartområde: .

På Sveio Vest kartet låg fem postar i nærleiken av Paddevegen og Fjellstad. Ved Lier nær Førde, mellom Joavatn og Liervatn var det lagt opp til ein høveleg rundtur med fem postar. I Auklandshamn var fem postar plasserte i terrenget nær friluftsområdet Slettene og på Tittelsnes i området kring festningen.

Tur-o på internett

For kvar sesong har talet auka på tur-o-deltakarar som registrer seg på internett. (www.turorientering.no). I 2018-sesongen hadde me 70 deltagarar som registrerte i alt meir enn 4000 postbesøk på denne måten.

Sal og økonomi

Denne tabellen viser det totale salet av tur-o-konvoluttar dei siste åra. I 2018 selde me 100 konvoluttar av typen Familiekonvolutt. Utsalstader har vore fem i alt: Joker Førde, Haukås bensinstasjon, Servicetorget i Sveio kommunehus og i daglegvarebutikkane i Valevåg og i Aukladshamn. I tillegg er det blitt selt direkte til kommunen og til fleire bedrifter Hydro, Equinor, Gassco og Haugaland Kraft.

Kostnadene med å produsera materiell har auka, medan salsinntektene har stagnert. Difor er det blitt avgjerande viktig for å sikra balansen i rekneskapen at me sel sponsorannonsar. Ein stor takk til Reidar Skjerping som i fleire år nå har seld annonsar for oss.

Fylke	Arrangør	Sesong	Konvolutter	Klippekort	Turpakker	Turer	Omsetning på nett	Total omsetning	Avgift (15%)
Hordaland	Sveio OL	2018	142	7	0	0	0,00	24410,00	3661,50
Hordaland	Sveio OL	2017	156	2	0	4	150,00	26510,00	3976,50
Hordaland	Sveio OL	2016	155	5	3	0	400,00	26550,00	3982,50
Hordaland	Sveio OL	2015	142	6	0	6	0,00	23940,00	3591,00
Hordaland	Sveio OL	2014	149	5	2	0	400,00	25550,00	3832,50
Hordaland	Sveio OL	2013	187	15	0	0	0,00	32050,00	4807,50

Finn Fram dagen

Flaggskipet vårt er framleis Finn Fram dagen. Dette er ein aktivitetsdag i friluft for heile familien. Gjennom fleire år er arrangementet blitt lagt til det idylliske og godt tilrettelagde friluftsområdet ved Prestabryggjo/Strando og Rex Garden i Førde. Også denne dagen, søndag 26. august blei me velsigna med godt ver. Sveio O-lag hadde laga til ei rundløype med ymse aktivitetspostar kor det også var lagt inn o-tekniske oppgåver som deltagarane skulle løysa.

Førde-speidarane og Bua-speidarane var medarrangørar og bidrog sterkt til å skapa eit breitt aktivitetstilbod. Nytt tilbod i år var at kvar post i rundløypa var utstyrt med kodebokstavar slik at postbesøka i rundløypa kunne registrerast på www.turorientering.no. Dei som besøkte samtlege av årets tur-o-postar kunne dermed oppnå i alt 109 poeng. 11 deltagarar klarte det i løpet av sesongen.

FINN-FRAM DAG I REX GARDEN

Aktivitetsdag i friluft for heile familien!

Søndag 26. august, kl. 12-15

Start frå Prestabryggo/Strando i Førde.

Enkel turløype. Speed-orientering.
Instruksjon i bruk av kart og kompass.
Luftgeværskyting, kajakkpadling, og tippekonkurrans. Premiar til alle som deltar.
Sal av pinnebrød, pølser, kaker, kaffi og saft.



Medarrangørar:

Sveio Turlag, Førde-speidarane og Bua-speidarane.

Hovudarrangør: Sveio O-lag



www.sveiool.org
www.facebook.com/sveiool





Årsfest med utdeling av plakett, merke og premiar

TURORIENTERING

**Velkommen til årsfest
Fredag 23. november kl. 1900
i Førde Samfunnshus (NB! Merk datoen!)**

Utdeling av premiar, merke og plakettar.
Trygve Kinn viser gamle videooppptak frå turorientering. Servering og utloddning.
Vel møtt! *Arr: Sveio Orienteringslag*

www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool



Dei første 25-års-jubilantane

For første gong kunne Sveio Orienteringslag i haust dela ut plakett til deltararar i laget si turorientering som har sikra seg gullmerket 25 år på rad.

Dei to første fortene stefulle vinnarane av den høgthengjande plaketten er Frøydis og Oddbjørn Valen som i løpet av 25 år har funne meir enn 1250 tur-o-postar på ulike stader rundt i Sveio kommune. Under Sveio O-lag sin årsfest i Førde samfunnshus blei det delt ut plakettar og merke i gull, sølv og brons til nær 90 av deltararane i årets turorientering. Fire ihuga deltararar, Kristina Enerstvedt, Astrid Førsund, Inge Berglund og Harald Selsås, kvalifiserte seg denne sesongen for 20-årsplaketten.

Etter 15 år på rad med oppnådd gullmerke kunne Torhild Matre og Roald Johannessen ta imot gullplaketten, medan Olaug Fagerland og Vigdís Svendsbø begge fekk sølvplaketten etter 10 år på rad med 50 postkvitteringar årleg.

Bronseplaketten gjekk til Johan Blytt, Hans Enerstvedt og Jan Ekrene.



MERKEVINNERE 2018

PLAKETT FOR GULL 25 GANGER	
VALEN FRØYDIS	50
VALEN ODDBJØRN	61
PLAKETT FOR GULL 20 GANGER	
BERGLUND INGE	62
ENERSTVEDT KRISTINE	55
FØRSUND ASTRID	62
SELSÅS HARALD	50
GULLPLAKETT (GULL 15 GANGER)	
JOHANNESSEN ROALD	62
MATRE TORHILD	51
SØLVPLAKET (GULL 10 GANGER)	
FAGERLAND OLAUG	63
SVENDSBØ VIGDIS	62
BRONSEPLAKETT (GULL 5 GANGER)	
BLYTT JOHAN V.	61
EKRENE JAN	50
ENERSTVEDT HANS	62
GULLMERKE	
ASKELAND INGEBORG	62
ASKELAND SVEINUNG	62
BERGMÅL ANDERS	63
BERGMÅL EDITH	63
BRURBERG KAROLINE KVILHAUG	63
BRURBERG OLIVER KVILHAUG	63
CHRISTIANSEN BJARNE	61
CHRISTIANSEN LIV	61
EIDSVÅG OLE DANIEL	61
ENERSTVEDT SIGMUND	55
ERIKSEN TOR	51
ERKISEN AUD	51
FRAMNES TERJE	54
FØRDE BJØRNAR	55
FØRDE KRISTIAN	55
HAGEN SVEIN MAGNAR	61
HETLESÆTER BJARNE	63
HETLESÆTER ENDRE	52
INSTEFJORD KARL-INGE	52
JANSEN JAN WIKTOR	62
JOHANNESSEN KATY ANN KING	61

GULLMERKE

KNUTSEN KJELL EGIL	61
KOSER JANE-ELENA	63
KRUNENES LILLY	52
KRUNENES SVEIN	52
KVILHAUG RUBEN	63
LOKNA EGIL	63
LOKNA EVA	63
MELKEVIK BODIL	62
NESSE SVENDSEN ASTRID	61
NESSE EIVIND	61
NYMARK INGVAR	53
OLSEN ANNE	63
SANDAKER KJELL	62
SANDVIK ASTRID	52
SKOGLAND INGER	62
SKOGLAND TOR ARNE	61
SVARTVEIT ODDMUND	61
SVENDSBØ MERETHE	61
SVENDSBØ ODDVAR	63
SVENDSEN AUDUN	51
THUSETH BIRK.R	63
THUSETH EMIL R.	63
THUSETH KARI R	63
THUSETH KARL	63
THUSETH RONJA R.	63
THUSETH SEBASTIAN R.	63
THUSETH TINDRA R.	63
KALLELAND HILDEGUNN	62
SØLV	
FRAMNES DAVID	
LILLÅS BIRGER ANDRE	
LILLÅS JON TOBIAS	
RØD KARI SAUSJORD	
VALEN ASBJØRN	
VALEN MARIE	
WATHNE MARIT	
BRONSE	
ENERSTVEDT INGEBORG NILSEN	
ENERSTVEDT KARIANNE SKOGLAND	
ENERSTVEDT SONDRÉ	
ENERSTVEDT TUVA	
ENERSTVEDT ÅSBJØRN	
FØRDE THOMAS	
HALLELAND JARLE	
HARALDSETH TONE	
KINN TOR	
MARTHINUSSEN STHEFFEN	
OPEDAL ASTRID MARTHINUSSEN	
OPEDAL ESTER AMALIE MARTHINUSSEN	

BARN/NÆRTRIM 2018
GULL BARN/NÆRTRIM
ROSSEHAUG HUGO
SANDAKER MIKKEL ODD
SVENDSEN EMMALINN
SVENDSEN EVEN
SØFTELAND JULIE
OLSEN ANNE
SVENDSEN AUDUN
KALLELAND BENEDIKTE
THUSETH BIRK R.
THUSETH EMIL R.
KALLELAND HILDEGUNN
BERGLUND INGE
KOSER JANA-ELENA
THUSETH KARI R.
THUSETH KARL E.
BRURBERG KAROLINE KVILHAUG
JOHANNESSEN KATY ANN KING
BRURBERG OLIVER KVILHAUG
JOHANNESSEN ROALD
THUSETH RONJA R.
KVILHAUG RUBEN
KALLELAND SEBASTIAN
THUSETH SEBASTIAN R.
THUSETH TINDRA R.
HAGEN SVEIN MAGNAR
FØRSUND ASTRID

| **BRONSE BARN/NÆRTRIM** |
| |
| NESSE SVENDSEN ASTRID |
| NESSE EIVIND |

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre få løpsdrakter på lager.

Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager ettersom me kjøpte 100. stk.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Kanskje har me nok til enda eit arrangement.

Skulebrikker: Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

Konkurransebrikker: SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker.

Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Luftgevær: 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen

Framvisar (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvint skal kunne halda presentasjoner under eigne arrangement

Sveio O-lag på nettet www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mogelegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatliseter frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakrar i, blir lagt ut på heimesidene våre. Nettansvarleg Kristian. Han er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

Kart:

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000 2009/10

Auklandshamn 1:10 000 2004

Auklandshamn skule 1: 5000 2004

Slettene 1: 5000 2004

Førde 1:10 000 1998

Førde nærkart 1: 10 000

2003 Førde nærkart 1: 5 000 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000 2006

Lier 1: 10 000 2006

Førde skulekart 1: 2000 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000 ,2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/Iøypeteikningsprogrammet: OCAD Orienteering Edition

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 **postskjermar** i bra stand.

Dertil hadde laget ved årsskiftet **EKT postutstyr** til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97. Nokre postar har «tatt kveld» og kan ikkje brukast lenger. Me treng difor å erstatta fleire posteiningar før ny sesong.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar.

Lisens til **tidtakarprogrammet** E-timing.